

Johannes Rørvik Grov vart kjendis over natta.

15.06.2018



Johannes Rørvik Grov på NRK 1 i går kveld, med stemma til far hans, Bård, i bakgrunnen.

Johannes Rørvik Grov med far og besteforeldre frå Uskedalen vart kjendis over natta. Johannes er 10 år og har tromma seg gjennom heile rockegruppa Metallica diskografien i perioden 1983 til 2016. Læraren hans på Kulturskulen, Maurico Weimar, har filma framføringa og lagt ut på nettet. Til no er den 12 minuttar lange innspelinga sett over 110000 gonger.

Johannes Rørvik Grov har leikt seg med slagverk sidan han var to år. No er alle Metallica låtane frå 1983 innøvd. Det vert rekna som til dels trommeteknisk krevjande, men Johannes gjennomfører med stor innleving og presisjon.

Det heile tok av då Metallica valde å dela filmsnutten. Dermed var det verden over og talet på alle som er innom på Youtube, berre aukar dag for dag. Seinast i går kveld var det innslag på NRK 1 Vestlandsrevyen og det etter hovudoppslaget om komponisten Edvard Grieg minutt for minutt. Innslaget ligg også ute på VGTV.

I si helsing skriv Metallica at Johnannes representerer den neste generasjonen av rockemusikarar.

De kan sjå filmsnutten [HER](#).

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal